Lindåstunet Venner

Årsmelding 2013

1. **Styret**
   Desse har vore med i styret:
   Styreleiar Ove Jan Paulsen
   Nestleiar/kasserar: Solveig Johnsen
   Styremedlem: Vetlemøy Bakke Wergeland
   Kjell Lauvås
   Solfrid Bondevik
   Revisor: Olav Thorsheim
   Ved ein feil vart det ikkje valt valnemnd på årsmøtet.

2. **Styremøte:**
   Det har vore halde 4 styremøte i perioden.

3. **Aktivitetar:**
   - To utlodningar med svært gode resultat
   - To hyggekveldar med åresal m.m.
   - Juletrefest.
   - "Lindåstunets dag" 30.nov. med utstilling, loppemarknad, åresal og trekning av siste medlemsutlodning.
     Dette var vellukka, og med visse justeringar bør det takast opp att, gjerne med ein tilsvarande dag på forsommaren og med eit noko anna opplegg.

4. **Dugnadsarbeid.**
   Det har vore ein del dugnadsarbeid m.a. på hageanlegget. Her har Solfrid Bondevik gjort ein stor jobb.
   Det er elles ein god del frivillig innsats på Lindåstunet, sjølv om dette har gått noko ned i dei siste åra, er det framleis mykje frivillig arbeid. T.d. er all transport av dagbrukarar utført av frivillige sjåførar. Nemnast bør også Martha Aalvik som m.a. lagar mat to heile dagar på Lindåstunet!

   Det er ønskjeleg at fleire av Lindåstunets Venner og andre i bygda kan vera med. Det trengst fleire hender!

5. **Lindåstunet si framtid.**
   På årsmøtet sist vart det orientert om dei forhandlingar som Lindåstunet AS sitt styre har med Lindås kommune.
   Dette gjeld:
   Langsiktig samarbeidsavtale
   Kjøp av bygningsmassen.

   Vi veit ikkje kva sluttresultatet av desse forhandlingane blir, men styret meiner det er viktig av Lindåstunets Venner, som har aksjemajoriteten i selskapet, er aktive i denne prosessen.

   Lindås, den 10.mars 2014
   Ove Jan Paulsen, styreleiar